

# Ein møtestad i byen

Av Jan Kløvstad februar 2020

Kaffistova og Bondeheimen

*«Kaffistove i Arendal. Um 14 dagar eller før jol skal me ha kaffistova ferdug, og då var det um me kunde få ho så nasjonal som råd var. Eg hev tenkt um me ikkje nokon kvar kunde hjelpe styret med å skaffe tilveies kubbestolar, peiskrakkar og nokre veggtepper (tjell) og so at dei som hadde noko av det som passar åt ei kaffistove kunde skriva eller telefonera til byggmeister Ljosland kva dei hadde å selja eller låne til kaffistova so lenge inntil styret fekk kjøpt det som skal til for å få ho so ven som råd er.... For ei tid attende såg eg i «Austegden» at «ei gjente» skreiv at me (gutar) ikkje hadde bruk for gjentorne. No kan eg fortelja at det er litt onorleis, sidan me skal til med kaffistove. No vil me ha fine gjentor med nasjonal bunad på kaffistova, og no hev me bruk for dykkar arbeid. Får me berre ei dugande styrarinne og flinke kaffigjentor so meiner eg det skal gå godt», skreiv G. Hillestad i teigen Austegden i Agderposten tidleg i desember 1924.*

## Det frilynte Arendal torv

I 28 år, frå 1935 til 1963 var det både kaffistove og bondeheim på Torvet i Arendal. Kaffistova var i 2. etasje på hjørnet mot Havnegata heilt frå 1924, der Jørgensens kafé serverte vidgjetne Napoleonskaker i mange år etterpå. Og så var det både bondeheim med kaffistove også i det okergule huset på hjørnet Torvet/Strandgata.

Alt i 1915 blei spørsmålet om å skaffe seg eit lagsbruk tatt opp på årsmøtet i Aust-Agder ungdomslag i Åmli. Men tanken kom i fastare former først da Austegdelaget blei skipa i 1920. Året etter blei første arbeidsnemnda valt, med ivedølen Thomas Ljosland i Austegdelaget som den drivande krafta. Planar blei lagde for å skaffe husrom, og det blei utarbeidd kostnadsoverslag. Finansieringa blei ordna med lutteikning, der kvar lut (aksje) var på 50 kroner. Aust-Agder ungdomslag og Austegdelaget teikna luter for 1000 kr kvar, og Aust-Agder mållag for 300 kroner. Resten av den samla aksjekapitalen på 12 000 kroner blei teikna av enkeltpersonar og andre lag og organisasjonar.

## Kaffistova

Fleire hus var aktuelle, og i 1924 blei «Torvkaféen» i Harald Reiersens hus på Torvet kjøpt, med adresse Havnegata. I 1. etasje der Jørgensens konditori nå har kafé, hadde Harald Reiersen manufakturforretning. Kaffistova var i 2. etasje i hjørnebygget.

Pris med innbu var 8000 kroner, og det skulle også betalast 3000 kr i året i leige til huseigaren. Første etappe var unnagjort etter heile ni års planlegging. I november 1924 blei det reint organisasjonsmessige ordna, med vedtekter for «Andelslaget Kaffistova Arendal».

Thomas Ljosland blei seinare valt til formann, og var det samanhangande i 25 år. Etter at Kaffistova opna 20. desember 1924, gjekk det berre eit års tid før det blei lagt planar også for ein bondeheim. Kaffistova gjekk bra, og overlevde både munn- og klauvsjuka med restriksjonar på reisinga i fylket i 1926-1927 og verdskrigen 1940-1945. Det var omsetningsauke nesten kvart år, og kapitalen i banken auka. Det blei feira litt ved runde år, og pussa opp der det var nødvendig. Men alltid i varsame former, slik at den økonomiske situasjonen alltid var oversiktleg og god. Det begynte likevel å gå gale vegen tidleg i 1960-åra. Omsetning og fortjeneste gjekk nedover, og vidare drift ville krevje store investeringar i oppussing og modernisering. «Stova» blei derfor stengt i 1963 etter å ha vore ein institusjon i Arendal i nærmare 40 år. Ho hadde vore både ein god alkoholfri mat- og møtestad for folk flest, og ei god inntektskjelde for ungdomslaga i Aust-Agder. Kaffistova hadde også vore ein møtestad der ungdom visste dei traff ungdom, og det var mange styremøte og studiemøte der.

### **Bondeheimen**

Bondeheimen kom i gang i arkitekt Uglands hus på Torvet i 1934, etter planlegging og oppussing med tanke på hoteldrift. Gateadressa er Torvet 1a. Huset fekk stor matsal, kaffistove, og elleve hotellrom i 1934. Sjølv om prisnivået var på veg oppover da, var 23 000 kroner til oppussing og nødvendig innbu mange pengar. Men også Bondeheimen gjekk godt, med jamn drift og årleg auke i omsetning og fortjeneste.

### **Trotskyj var gjest**

I 1936 blei den mest berømte – og berykta – gjesten Bondeheimen har hatt, fotografert på trappa. Det var Lev Trotskyj, ein gong den mektigaste etter Lenin i det nye kommunistiske Sovjetunionen. Men han blei utmanøvrert av Stalin og hans nærmaste, og i 1929 deportert frå Sovjetunionen. Han levde resten av livet i eksil, først i Tyrkia, så i Frankrike og frå juni 1935 i Norge. Han var eindel på Sørlandet, og altså også innom Bondeheimen. Etter sterkt sovjetisk press blei han utvist frå Norge, fekk asyl i Mexico og etablerte Den fjerde internasjonale i 1938, som eit motstykke til den stalinistiske Komintern. Målet var å fremje den sosialistiske verdensrevolusjonen. Men noen månader inn i andre verdskrigen, i august 1940, blei han myrda i Mexico, av ein sovjetisk agent. Ein kopi av Trotskyj-fotografiet var Arendal kommunes åpningsgåve til den nye Bondeheimen i 1982, overrakt av ordførar Ørnulf G. Christensen.

### **Krigstid og nyorganisering i fredstid**

I 1940 var det femårs-jubileum for Bondeheimen og 15-årsjubileum for Kaffistova. 2. mars sa Agderposten seg lei for at «beklageligvis gikk disse jubileer altfor upåaktet hen i betraktning av den anseelse begge institusjoner nyter og på bakgrunn av den sterke tilknytning de har som et slags bindeledd mellom land og by. Det var derfor ikkje noe vidare kjent, skreiv avisa, at det hadde vore ein hyggeleg jubileumsfest på Bondeheimen «for en tid siden». I eit større oppslag under tittelen «Bygdeungdom i Arendal» hadde avisa stort bilde av rundt 35 festdeltakarar, der dei aller fleste av kvinnene bar bunad. Det står namn på alle dei festglade, og bildet var tatt av fotograf Schönberg. «Betjeningen på begge steder var selvsagt innbudt,

likeså styret i Aust-Agder ungdomslag, styret i Aust-Agder mållag og styret i Austegdelaget. Formannen i Bondeheimens styre, byggmester Thoams Ljosland, ledet festen som forløp i spisesalen som var vakkert pyntet for anledningen. En bedre middag ble servert og ved bordet rettet Ljosland en tale til bestyrerinnen, frk. Voje på Kaffistova og frk. Lodsberg på Bondeheimen, og takket dem for det resuoltat som var oppnådd. Dernest takket han styrene io de forskjellige lagene for hva de hadde gjort. Deretter samledes man i salongen hvor kaffen ble servert. Her kom talerne riktig på glid. Einar Grændsen talte litt om Austegdelaget og Bondeheimen, Lars Holte fortalte Gjerstadstubber. Der var også taler av Torleiv Mæsel, Trygve Fløystad og inspektør Thue. Festen forløb i den beste stemning heilt til kl.2.»

### **Men så kom krigen**

Under andre verdenskrigen var det ikkje lett å drive hotell. Tyskarane blei snart merksame på Bondeheimen, og brukte soveroma så vanlege folk blei stengt ute. Da nazistane tok over Noregs Ungdomslag frå 1942 (sjå avsnittet om Austegdelaget i krigsåra) sendte gjentatte krav om å betale «lagsbruksskatt», med tildels sterke truslar om dei ikkje blei betalte. Men Thomas Ljosland stod mot presset og betalte ingenting. Det var ikkje lagsarbeid frå vinteren 1942, og ingen årsmøte i lagsbruket. Styret måtte ta alle avgjerder, og det gjorde det godt. Lagsbruket kom seg etter forholda greitt gjennom krigen.

I 1946 blei «Andelslaget Kaffistova» omskipa til LL Bondeheimen, og i 1946 blir dei private aksjeeigarane kjøpte ut. Etter dette har Aust-Agder Ungdomslag 50%, Austegdelaget 30% og Aust-Agder Mållag 20% av aksjane. Eigarlaga har gjennom alle år hatt stor økonomisk nytte av lagsbruket. Stadig blei større og mindre pengesummar overførte til laga, og berre i etterkrigstida blei det overført 128 000 kr. I tillegg til kontante tilskot betalte lagsbruket lønna til reiseskrivar tilsett i fylkeslaga gjennom fleire år. Eigarlaga har også hatt nytte av lagsbruket ved gratis husvære og måltider ved kurs og møte av forskjellig slag. Det var vel også ein av ideane ved slike lagsbruk.

### **Lange og seige tak i styret**

I 1949 hadde Thomas Ljosland vore formann i lagsbruket i 25 år, og formann i Austegdelaget i 11 år. Det var ei uvanleg aktiv tenestetid som tok slutt da han ville ha avløyning som formann for lagsbruket. Heller ikkje etterfølgaren Ole Lund Berntsen var redd for harde og langvarige arbeidsdagar. Han var formann utan avbrot frå 1949 til 1979. I hans 30-årige tenestetid skjedde det mykje. Mellom anna kjøpte lagsbruket hjørnegarden Torvgata/Østregate for 35 000 kroner i 1959. Dette var eit nytt og svært viktig avsnitt i historia om lagsbruket i Arendal, 25 år etter åpninga av Bondeheimen på Torvet.

Det blei lagt planar om å pusse opp og bygge om bygarden i Torvgata. I 3. høgda skulle det bli utleigerom og festlokale, til særleg glede for medlemmene i Austegdelaget. I 1960 var salen og to fine salongar ferdige. Dei blei tatt i bruk av begge fylkeslaga og sjølvstamt mest av Austegdelaget som nå fekk gratis hus til alle øvingar og møte i årevis. Mens Bondeheimen på Torvet blei drive på vanleg god måte, heldt arbeidet med eigedommen i Torvgata fram. 2.

høgda, som hadde vore bunde av ein langsiktig leigekontrakt, blei etter vart ledig og planlagt til kafé.

### **På veg bort frå Torvet**

På midten av 1970-talet blei det uvisst om Bondeheimen kunne halde fram på Torvet. Bygget måtte gjennom store utbetringar, både med ventilasjon og andre dyre tiltak for å kunne tilfredsstillе tidas krav.

Siste dag på gamle Bondeheimen på Torvet var 18. mai 1982. Der hadde Ole Howden Olsbunes kome inn i arbeidet, da Anna Askland begynte å trekke på åra og ville ha avløyning som styrar. Howden Olsbunes hadde kome heim frå internasjonal hoteldrift i Abu Dhabi for å ta over eit småbruk han hadde odel på ved Birketveit. Han søkte, og styret såg straks sjansen til å få inn solid erfaring for å bygge opp det nye hotellet.

I 1979 hadde lagsbruket fått den tredje styreleiaren sin på 56 år, da froendingen Jørgen Pedersen tok over, både som styreleiar og leiar for ombygginga av eigedomen i Torvgata til hotell. Også Helge Tveiten, John Seldal og Arne Skrove var med i byggekomiteen. Men mykje låg på styreleiaren. Det var nok fleire i komiteen og staben som sakna den erfarne bankmannen Kittil Røysland i byggekomiteen.

### **Inflasjon og lang byggetid tynga**

Prisen Austegdelaget, Aust-Agder ungdomslag og Aust-Agder mållag meinte dei kunne klare var 7,5 millionar kroner. Men galopperande inflasjon kombinert med ikkje altfor bindande avtale med entreprenør gjorde at sluttsummen endte på 12 millionar kroner.

Med i denne summen var ny 4. etasje med festsal og salong. Hovudentreprenøren arbeidde på timebasis, og byggeperioden blei lang og stadig dyrare. Kostnadsnivået gjekk mykje opp i denne tida. Det var effektiv lånerente på 17-18% i fleire år.

19. mai 1982, dagen etter blei kaféen i Torvgata opna. Hoteldrifta kom i gang 21. juni, og festsalen i 4. etasje blei tatt i bruk i november same året. Austegdelaget, som hadde vore huslause noen år under ombygginga, gledde seg til å flytte tilbake til Torvgata. Men det skulle vise seg å bli et tveegga sverd. Lokala blei dyre å leige for Austegdelaget. Dei kveldane og dagane Austegdelaget ikkje brukte lokala, var det mange bryllup og fødselsdagsselskap i denne etasjen. Lokala var populære og blei mykje utleigt.

Det var også tydeleg at Bondeheimen var komen i ein vanskeleg økonomisk situasjon, med mykje større lånegjeld enn det var mogleg å forrente ved drifta. Det blei teikna lånebrev i ungdomslaga og mållaga i heile fylket, og særleg i Austegdelaget. Medlemmene stilte villig opp med bingospel og andre måtar for å skaffe pengar til å betale ned gjelda. Men arbeidet var eit slit og heller lite lystbetont. Eit forslag frå Froland ungdomslag på eit av dei siste årsmøta i L/L Bondeheimen var å søke om skjenkeløyve. Men da møteleiar Trond Ivar Moen måtte svare at det var umogleg å servere alkohol, både utfrå vedtektene og fordi hotellet var medlem

av hotellkjeda Solfugl. Svarreplikken frå ungdomslagsmedlemmen frå Froland var kontant: «Ja, det er vel betre å gå ned med tørr hals.»

Jørgen Pedersen slutta som styreleiar i 1983, og etter eit lite mellomspele med folk frå Lagsbrukssamskipnaden på landsplan, blei Inger Marie Berg valt til leiar i 1984. Bondeheimen meldte seg inn i hotellkjeda Solfugl, der veldrivne hotell som Bondeheimen i Oslo, Hordaheimen i Bergen og Trønderheimen og Gildevangen i Trondheim var lønsame hotell som gjerne delte kunnskap og erfaringar.

### **Suksess i den daglege drifta**

Ole Howden Olsbunes og staben hans klarte mesterstykket å få både kafeen og hotellavdelinga til å gå med overskot. Han hadde god hjelp av blant andre Trond Ivar Moen, bankmann og aktiv i Brekka ungdomslag, i arbeidet med å forhandle innkjøpsavtalar, det var god personalstyring og effektiv drift. Disiplin og sparing var retningslinjene. Kaféen fekk namnet Karjolen, og blei ein veldig populær kafé. Det blei lånt ein karjol av Rasmus Sparsås frå Heldal i Froland, mot ein gratis middag i veka. Karjolen blei pussa opp og plassert i inngangspartiet. Den blei levert tilbake til eigaren da Bondeheimen blei avvikla. På dei 14 hotellromma i 3. etasje var det godt belegg, heile 64% på årsbasis i dei fire åra «eventyret» varte. I underetasjen var det langsiktige leigeavtalar med ein skobutikk, kiosken Blondie og ein leigetakar til. Også desse avtalane blei justerte til marknadspris.

### **Så var det slutt**

Krisa kunne ikkje løysast, og til slutt måtte bygget seljast. Det var bittert for Austegdelaget og ungdomslaga i heile fylket å miste Bondeheimen, som så mange hadde hatt god tru på. Men styret for L/L Bondeheimen fortener ros for at dei makta å gjennomføre avviklinga i så greie former som det blei gjort:

«Styret i Bondeheimen gir med dette Den norske Creditbank fullmakt til å undersøke kva Bondeheimen, Torvgat 5 i Arendal, kan vere verd med tanke på sal av eigedomen.

Arendal 5.3.1986.» Så var det slutt.

Ole Howden Olsbunes blei straks henta til Müllerkjedens Arendal Motorhotell på Harebakken, også det med tradisjon for alkoholfri drift med Motorførernes Avholdsforbund som tidlegare eigar. Seinare blei han henta til Tyholmen hotell og som viktig rådgivar på landsplan for kjeden Tyholmen Hotel blei med i. I 2020 seier Howden Olsbunes at om det hadde vore same låge rentenivået på 1980-talet som i 2020, hadde Bondeheimen klart seg, - sjølv med den enorme budsjettsprekken i byggearbeidet.

### **Kinesisk kvalitet**

Tony Lim i firmaet Ting Hai House kjøpte Torvgata 5 i Arendal, og sidan har kaféen vore ein populær kinesisk restaurant i byen. Tony Lim kjente historia, og skreiv i ein brosjyre i 2013: «Velkommen til Ting Hai - nytt konsept, gamle oppskrifter, lang historie. Som Arendals eldste restaurant kommer Lim familien med gamle og kjente oppskrifter i et nytt konsept.

Vi sees på Gamle Bondeheimen!»

### **Styret og styrarar**

Styreformenn og styreleiarar for lagsbruka var Thomas Ljosland 1924-1949, Ole Lund Berntsen 1949-1979 og styremedlem heilt frå 1946. Jørgen Pedersen 1979-1983, Arve Sæle i Lagsbrukssamskipnaden 1983, Inger Marie Berg 1984-1986. Emma Lauvland sat i styret i 35 år frå 1940 til 1976, Olav Eppeland (Åmli) i 31 år frå 1938 til 1969, Trygve Fløystad (Austre Moland) frå 1947 til 1972, mens Nils Espeland (Froland) og Gudrun Igland (Landvik) var med i 13 år, og Bjarne Ljosland og Kristine Lauvland Holm «berre» i tolv og ti år.

Styrarar for Kaffistova var Ingeborg Åsen 1925, Berte Voie 1925-ca 1942 og Ingeborg Ljosland ca 1942-1963. Styrarar for Bondeheimen var Solveig Lotsberg (Jørgensen) frå Kilegrend 1934-1941, Ingrid Siring frå Austre Moland 1941-1949, Birgit Såghus frå Bygland 1949-1959, Anna Askland frå Gjøvdal 1959-1982 og Ole Howden Olsbunes 1982-1986.

Kjelder:

Austegdelaget 1920-1970, hefte utgitt av Austegdelaget 1970

Austegdelaget 1970-1990, hefte utgitt av Austegdelaget 1990

[www.lagsbruk.no](http://www.lagsbruk.no) – artiklar av Nils Seland

Notat og samtalar frå/med Arne Skrove, redaksjonsnemnda, Ole Howden Olsbunes, Trond Ivar Moen, Store Norske Lekikon om Lev Trotskij

Foto frå Nils Seland, lagsbruk.no